

Rådmannen sin rapport – *Pr. 3. kvartal 2013*

Pr. 28.11.2013 (oppdaterte tal for første halvår – rekneskap pr. 30.9.2013)

Tidlegare rapportar:

[Kvartalsrapport 1. kvartal 2013](#)

[Kvartalsrapport 2. kvartal 2013](#)

Generelt om kvartalsrapporten

Kvartalsrapportering – bakgrunn

Kvartalsrapport etter ny mal vart fyrste gong utarbeidd etter for 1.ste kvartal 2013.

Kvartalsrapporten tek utgangspunkt i avviksrapportering. Det som ikkje blir kommentert må ein rekne med er under kontroll.

Kvartalsrapporten er utarbeidd på eit så grovt nivå som mogeleg.

Kvartalsrapportering – oppbygging

Rapporten er som nemnd over ein rein avviks-rapport, der avdelingane får høve til å rapportere det som dei sjølv ser som vesentlege avvik i høve til:

- fråvær
- økonomi
- drift

og som er av ein slik art at Kommunestyret bør bli kjent med dei.

Kvartalsrapportering som ledd i anna rapportering

Oppbygginga av kvartalsrapporten finn ein att også i anna rapportering til kommunestyret. Det vil likevel vere ei litt anna gradering av kva som er «alvorleg» avvik i ei årsmelding enn i ein kvartalsrapport. Ei årsmelding synar historie og kan ikkje føre til endringar for perioden som det blir rapportert for. Ein kvartalsrapport vil gje signal om avvik der ein framleis kan gjere justeringar for å rette opp avvika. Dess lengre ut i året tiltak blir sett i verk, dess mindre effekt vil tiltaka ha.

Kvartalsrapporten – måloppnåing

Rådmannen ynskjer å legge til rette for at mål blir meir klare og meir konkrete slik at ein kan rapportere når målet er nådd. Det er og blir viktig å kunne skilje mellom mål og verkemiddel.

Nærvær/fråvær

Stort nærvær– den positive vinklinga på eit lite fråvær – er ein av dei sterkaste indikatorane på om vi kan lukkast med å nå måla våre. I rapporten frå 3. kvartal blir dette endra attende til fråvær. I einskilde avdelingar er over 80 % av utgiftene relatert til løn. Eit lågt fråvær betyr i utgangspunktet at våre brukargrupper kan rekne med å få det dei tenestene dei har krav på til ein rimelegast mogeleg pris. Eit fråvær som fører til bruk av vikar, ekstrahjelp eller overtid vil føre til høgare utgifter for kommunen og kan hende eit dårlegare tilbod til brukar. Tiltak som betrar trivsel kan difor vere vel anvendte pengar, likeeins tiltak som hindrar sjukdom og reduserer belastningssjukdomar.

Økonomi

I utgangspunktet skal ein kommune nytte dei tildelte pengane til beste for brukarane og innanfor vedtekne mål for verksemda. Ein kommune er budsjettstyrt og ein kan ikkje nytte meir pengar enn ein har budsjett, jfr. [budsjettvedtaket sitt punkt E](#).

Løn er som nemnd over den største utgiftsposten. Andre utgifter er lettare å kontrollere, men desto lågare i organisasjonen tilsette kan gjere innkjøp, desto større blir avstanden til budsjett og budsjett-disiplin, kan det virke som. Avdelingane har store fullmakter til å styre tidspunktet for eit innkjøp sjølv, noko som er viktig for å unngå detaljstyring.

Gol kommune forsøker å fakturere kvartalsvis det som Gol kommune er vert for. Nokre store inntekter veit vi ikkje før februar året etter og desse er kritiske for kommunen si verksemd, jamfør usikkerheita om netto-utgiftene til omsorg – funksjonshemma hausten 2012.

Fokuset i kvartalsrapporten er netto-utgift, slik Gol kommune har budsjettert og rapportert dei seinaste åra. Dette er ikkje nødvendigvis det beste for å få kontroll med kostnadene.

Drift

Med drift meinast dei oppgåvene vi er sett til å løyse innafor budsjett. Her vil ein i utgangspunktet rapportere på måla som er sett – mengde, kvalitet, lovmessige krav, om ein har nådd fristar osb.

Rådmannen legg vekt på at kvartalsrapporteringa skal gje signal om kva for mål som er kritiske for den einskilde verksemd og som kommunestyret må vite om. Nokre mål kan ein utsetje fleire månader utan særlege konsekvensar, andre kan ein ikkje utsetje ein dag utan kritiske konsekvensar.

I dei aller fleste tilfelle blir måla nådd som meint og planlagt. Rådmannen reknar dette som sjølvsgt og er takksam for alt arbeid som blir lagt ned av alle tilsette for å nå måla. Men kommunestyret skal ikkje behøve å få rapport over det vi har gjort. Kommunestyret skal få orientering om det administrasjonen og verksemdene ikkje har fått utretta, årsaka til dette (kort), eiga vurdering av kor alvorleg dette avviket er i høve til måla og om avdelinga kan ordne avviket sjølv.

Mål

Gol kommune sin Kommuneplan for 2008 – 2020 – samfunnsdelen – er ein god plan med mange, store mål. Nokre avdelingar har fått endra sine mål i perioden, medan andre har same mål som for 6 år sidan.

Formannskapet sett hausten 2012 ein del føresetnader for økonomien fram mot 2015, m.a. med tanke på å kunne skaffe seg handlefridom til å ha ny skule klar i 2015. Inkludert i føresetnadene var også at kommunen skulle justere drifta slik at ein vart mindre avhengig av kraftinntekter og eigedomsskatten. Det verker som om det er stor semje om at desse forholda må føre til endra prioritering i drifta elles. Med endra prioritering meinast at ein del tilbod må reduserast og nokre tilbod må bli takast vekk i si heilhet.

Rådmannen har difor i sitt budsjetttrundskriv for økonomiplan 2014 – 2017 bedt avdelingane komme med konkrete tiltak som politikarane kan ta stilling til, men som verkeleg monnar når det gjeld å redusere driftsutgiftene. Om avdelingsleiarane gjer jobben sin, så vil politikarane kunne gjere reelle val – kva for tiltak vil dei redusere for å kunne nå andre mål – økonomiske og politiske.

Hovudpoenget er; Gol kommune vil ikkje kunne vere offensiv på skulesektoren utan reelle grep i form av reduserte tilbod andre stader – samfunnsdelen må truleg reviderast.

Kvartals-rapport eller tertial-rapport?

Rådmannen ser at tida ikkje strekker til å levere gode kvartalsrapportar – oppgåvene går over i kvarandre og ressursane er ikkje tilstrekkelege. Skal rapportane ha nokon mening må dei også vere tilgjengelege raskare enn kva administrasjonen får til.

Rådmannen ser det difor fornuftig å nytte tertialrapportering. Arbeidet med rekneskap, årsmelding og budsjett skjer om lag samstundes med at eit eller anna kvartal er ferdig. Dessutan forstyrar sommarferie ofte raske attendemeldingar.

Innhald

1. Oppfølging av vedtak i Kommunestyret
2. Fråvær - avvik og tiltak
3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak
4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak
5. Personalforhold og HMS
6. Spesielle hendingar og informasjonar

Vedlegg:

- A. Økonomisk status – totalt for heile kommunen – hovudart

1. Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
<u>Februar-møtet – 05.02.2013</u>		
1/2013	Vesterhuset barnehage – opp-pussing og utbygging	Oversendt plan- og byggenemnd, budsjettjustering blir sak i juni-møtet (formalitet)
2/2013	Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune	Nye punkt blir følgd opp av rådmannen
3/2013	Hallingdal renovasjon IKS – endring av selskapsavtalen § 17	Hemsedal kommune har berre vedteke punkt 1. Nes kommune har eit tilleggspunkt
4/2013	Forslag til endring av forskrift ang. næringsavfall	
5/2013	Aksjer i Buskerud Kollektivtrafikk AS - tilbud om kjøp	Gol kommune har motteke oppgjer
6/2013	Hallingmo kunstgrasbane - nytt kunstgras - Byggeregnskap	Vert også justert i årsrekneskap – mva.refusjonsreglar
7/2013	Byggeregnskap - Ventilasjonsanlegg Øygdane barnehage	Vert også justert i årsrekneskap – mva.refusjonsreglar
8/2013	Ny Nasjonal Infokanal (NNI) i Gol - digital informasjon i det offentlege rom	Saka utsett til meir konkrete planar om Hallingdal Reiseliv
9/2013	Val til styret for Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	
<u>April-møtet – 16.04.2013</u>		
10/2013	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2013	Faktura sendt ut
11/2013	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2013	
12/2013	Hallingmo del I - Framdriftsplan og jursammensetning arkitektkonkurranse	
<u>Mai-møtet – 7.5.2013</u>		
13/2013	Finansieringsmodell felles infrastruktur Gol sentrum - 2. versjon	
14/2013	Områdereguleringsplan Kristenbråten - 2.gangsbehandling og sluttbehandling	
15/2013	Reguleringsplanforslag for Sjauset F8 - 2.gongsbehandling	
16/2013	Høyring - revisjonsdokument for Hemsilreguleringa i Hemsedal, Gol og Ål kommunar	
17/2013	Medlemsskap i Norsk kulturarv	Utsatt til budsjett 2014
<u>Juni-møtet – 20.6.2013</u>		
18/2013	Årsmelding for 2012 - Gol Byggdrift KF	
19/2013	Årsrekneskap for 2012 - Gol Byggdrift KF	
20/2013	Årsmelding 2012 - Gol kommune	
21/2013	Årsrekneskap 2012 for Gol kommune	
22/2013	Disponering av årsresultat 2012 - Gol kommune	
23/2013	Budsjettjustering investeringsbudsjett 2013	
24/2013	Rehabilitering avløpsledning Hagaskogen - prosjektrekneskap	

Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

25/2013	Revidering av retningslinjer for startlån		
26/2013	Brannordning - revidert branndokument for Hallingdal bran- og redningsteneste IKS		
27/2013	Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar		
<u>August-møtet – 20.8.2013</u>			
28/2013	Hallingmo – skule og fleirbrukshall – resultat av arkitektkonkurranse og vidare framdrift		
<u>September-møtet – 10.9.2013</u>			
29/2013	Val av samarbeidspartnar helse- og omsorgsplan		Budsjettauke – dekkav fond
30/2013	Omsorgsbustader i kjellaren i Gol helsetun – prosjektering og evt. søknad til Husbanken		Budsjettauke – dekkav fond Prosjektet skal vurderast i samband med B 2014
31/2013	Tilstandsrapport for skulane i Gol kommune		
32/2013	Forvaltningsrevisjonsrapport – Byggesaksbehandling i regulerte bustad- og hyttefelt		
33/2013	Rehabilitering av VA-ledningsnett på Donkemoen – prosjekteringsrapport		
34/2013	Eigarskapsmelding Gol kommune		
35/2013	Strategisk eiendomsplan for Gol kommune		Ferdig rapport er ikkje levert til Formannskapet i november
<u>Oktober-møtet – 8.10.2013</u>			
36/2013	Områdeplan for delar av Vikojordet og Storøyne – 2. gangsbehandling og slutt-behandling		Saka utsett
37/2013	Søknad om mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Storefjell Høyfjellshotell		
38/2013	Budsjettjustering drift – 2013		
39/2013	Revidert samarbeidsavtale mellom 26 kommuner i Vestre Viken helseområde og Vestre Viken HF		
40/2013	Justering av organisasjonen Gol helsetun		
41/2013	Kultur- og informasjonsavdelinga – endringar i organisasjonen		
42/2013	Vesterhuset barnehage – justering av investeringsbudsjett		
43/2013	Møteplan for 2014		
<u>November-møtet – 12.11.2013</u>			
44/2013	Områdeplan for delar av Vikojordet og Storøyne – slutthandsaming i kommunestyret		
45/2013	Visit Hallingdal – søknad om partnerskapsavtale		
46/2013	Arealpolitikk for «varme og kalde» senger på reisemål		
47/2013	Forvaltningstilsyn om forskrift om organisk gjødsel		
48/2013	Hallingdal brann- og redningsteneste IKS – endring av selskapsavtale		
<u>Desember-møtet – 17.12.2013</u>			

Denne rapporten blir meir utfyllande etter kvart. Rådmannen ser det som naturleg at også Formannskapet og utvala sine vedtak blir med i rapporten i framtida.

2. Fråvær – avvik pr. periodetidspunkt – tiltak

- Mindre enn 4 % fråvær: Ingen særskilte tiltak naudsynleg
- Mellom 4 % og 8 % fråvær: Kommentar naudsynleg
- Meir enn 8 % fråvær: Tiltak må settast i verk – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	5,4 % fråvær 2013 (2012: 0,8 %)
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol (ingen tilsette)	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	6,3 % fråvær 2013 (2012: 2,9 %)
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	6,2 % fråvær 2013 (2012: 5,9 %)
30	Læringssenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	8,8 % fråvær 2013 (2012: 6,1 %)
32	Helseavdelinga	
35	Kulturavdelinga	10,5 % fråvær 2013 (2012: 9,7 %)
36A	Omsorg – institusjon	13,1 % fråvær 2013 (2012: 9,1 %)
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	7,9 % fråvær 2013 (2012: 7,5 %)
36C	Omsorg – funksjonshemma	9,7 % fråvær 2013 (2012: 9,6 %)
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
ØVRIGE:		
2410	IKT Hallingdal	5,1 % fråvær 2013 (2012: 5,1 %)
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal	4,6 % fråvær 2013 (2012: 1,8 %)
8330	Nav Hallingdal (Gol)	

Generelt om fråvær

Fråvær kostar pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og frå avdelingar som må nytte vikar/overtid for å halde seg innafor lovverk og føresetnader sett av Kommunestyret.

Viktig: Reduksjon av sjukefråværet er reduserte utgifter – frå dag 1.

Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v.

Eit samleomgrep for å kunne kontrollere dette er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

Generelt om fråvær pr. 3. kvartal 2013

Det rapporterte totale fråværet pr. 3. kvartal 2013 er 7,2 %, tilsvarande tal for same periode 2012 var 6,0 %. Korttidsfråværet pr. 3. kvartal er 2,1 %, marginalt meir enn same periode i 2012 (2,0 %)

Avvik – sjå neste side

Avvik – nærvær og tiltak

- Avd. 21 – Løns- og personalavdelinga. Fråværet gjeld lærlingar som blir følgd opp, men er ikkje dramatisk korkje i høve til rekneskap eller ressursar.
- Avd. 27 – Gol skule. Tala i tabellen er akkumulert sjukefråvær pr. 3. kvartal. Det er ei positiv utvikling og personalsituasjonen har vore god etter summerferien.
- Avd. 29 – Gol ungdomskule. Fråvere skuldast i stor grad langtidsjukmeldte som blir følg opp av avdelingsleiar.
- Avd. 31 – Gol barnehage. Det er fortsatt eit stor langtidsfråvær som ikkje kan relaterast til arbeidet. Avdelingsleiar følgjer opp langtidsfråvær med oppfølgingssamtalar og søknader om tilretteleggingstilskot frå NAV. Ein forsøker også å la tilsette prøve ut anna arbeid i andre avdelingar.
- Avd. 31 – Kulturavdelinga. Utviklinga er positiv frå tidlegare kvartalar og ville for 3.dje kvartal ha vore merka med «gult», dvs. til oppfølging. Fråværet er langtidsfråvær.
- Avd. 36A – Omsorg - institusjon. Mål om lågare fråvær enn 7 % er ikkje nådd. Fråværet er alvorleg både for økonomi, øvrig belastning for dei tilsette på avdelinga og for brukarane. Avdelinga har lagt ned eit stort arbeid og tid i høve til oppfølging, dialogmøter og tilrettelegging. Tilrettelegging er vanskeleg ettersom dei sjukmeldte ikkje kan delta i stell og pleie av helsemessige årsaker. 4 av 8 sjukepleiarar ute i langtidsfråvær gjer utfordringane ekstra store.

Tiltak:

- Ny struktur og funksjons-/ansvarsfordeling i avdelingene – støtte frå bedriftshelstetene og andre
- Tilsetting av to områdeleiarar (omgjerung av stilling)
- Ny turnus gir tid til samhandlings-/personalmøter kvar onsdag
- Helsefremmende arbeidsplass i samarbeid med bedriftshelstetene – søkt om støtte frå NAV
- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen.
Fråvær pr. 3. kvartal er noko høgare enn tilvarande periode i 2012, men har hatt ei veldig gledelig utvikling pr. kvartal og er særst låg for 3. kvartal.
- Avd. 36C – tenester til funksjonshemma
 - Konsulent for funksjonshemma har vore/er langtidsjukmeldt utan samanheng med jobb
 - Tenester til funksjonshemma – har eit fråvær som er betydeleg lågare for 3.dje kvartal enn dei to tidlegare kvartalane og betydeleg lågare enn for same periode i 2012 – likevel for høgt til å kunne vere nøgd totalt sett.

Rådmannen sin konklusjon

Nesten alle avdelingar har hatt ei auke i fråvær frå 2013 (pr. 3. kvartal). Det gjeld i særleg grad langtidsjukmeldte (frå 4 % pr.3.dje kvartal 2012 til 5,1 % i 2013. Auka i korttidsfråvær er marginal.




Ressursstyring og bruk av program i omsorgssektoren er essensielt for vidare oppfølging og kostnadskontroll

Øvrige tiltak for å følgje opp langtidsfråværet blir sett i verk frå avdelingane i h.h.t. IA-avtala.

Økonomisk status pr. 3. kvartal – avvik og tiltak

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

a) Løn korrigert for refusjon sjukeløn

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnamn	Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol (ingen tilsette)	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgevar	
27	Gol skule	
28	Herad skule	- Ekstra bruk av lønsmidlar i forhold til logoped og vikar ved sjukdom, samt «Felles løft for tidleg innsats»
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	
32	Helseavdelinga	
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	- Sjølv med budsjettjustering hausten 2013 vil løns-budsjettet sprekke. Usikkerheit m.o.t. sjukerefusjon.
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma	
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	- Fordeling løn mellom VAR – sjølvkost og veg har vorte justert gjennom året. Gir positivt avvik for VAR-området og negativt avvik for veg
43B	Kommunalteknisk – VAR	- Fordeling løn mellom VAR – sjølvkost og veg fører til auka lønskostnader for veg enn budsjettert
ØVRIGE:		
8120	Skatteoppkrevaren i Hallingdal	
8330	Nav Hallingdal (Gol)	
8311	Miljøretta helsevern	
8420	Hallingdal Etablerersenter	- Etterløn – må sende melding til styret
2410	IKT Hallingdal	

Generelt om løn

I utgangspunktet kan ein seie det slik at om budsjett-tala er rett, budsjettet balanserar og ein har kontroll på løn i kommuna, så har ein god kontroll på utgiftene. Avvik sjåast opp mot både budsjett og rekneskap same periode 2012. Det er ikkje gjort nokon budsjettmessig periodisering av løn, men det er vurdert. Utfordringa er at dei avdelingane som har det største behovet for periodisering også har det mest spesielle forbruket – år for år og månad for månad.

Økonomisk status pr. 3. kvartal – avvik og tiltak

Generelt pr. 3. kvartal 2013

Det rapporterte forbruket av løn er stort sett under kontroll, med unntak av omsorg – institusjon. Dette heng for ein stor del saman med fråveret, som sin vil sjå er stort for omsorg – institusjon.

Avvik – løn

Avvik

- Avd. 28 – Herad skule – spesielle utfordringar, med spesiell refusjon. Lønsbudsjettet er auka etter K-sak 38/2013
- Avd. 36A – Omsorg institusjon – avdelinga blir følgd og rapportert månadleg (også med melding til UKL og rådmann). Løns-kostnadene er stabilisert, men det vil bli ein ytterlegare sprekk sjølv etter budsjettjustering 2013.

Tiltak:

- Overtid vert berre nytta dersom tenesta til brukar vert uforsvarleg utan
- Vikar for sjukepleiar vert berre sett inn når det ikkje er andre sjukepleiarar som har vakt eller når tenestene tilbrukar/personell vert uforsvarleg
- Avd. 36B – Omsorg heimetenestene – noko større forbruk enn budsjettet, sjølv etter budsjettjustering hausten 2013. Det er likevel ikkje kritisk.

Avvika skuldast m.a.

- Ekstra ressursar til yngre, pleietrengande kreftpasienter
- Fleire fleire personar i stell – refusjon kjem på ansvar 3431 – Funksjonshemma
- 20 % senioravtale for ein sjukepleiar må dekkast opp med vikar
- Tiltak: fortløpande vurdering av tenestnivå (lågaste effektive omsorgsnivå, også rundt brukar med behov for 1:1 bemanning), rekruttere fleire tilkallingsvikarar som har naudsynt kompetanse
- Ansvar 43A – Kommunalteknisk avdeling – vei. Det har vore ei feil fordeling av løn mellom sjølvkost og veg i 2013 og denne blir retta for 2013 og utover. Budsjettet blir ikkje endra for 2013.
- Ansvar 8420 – Hallingdal Etablerersenter – Ikkje kritisk for Gol kommune. Gol er vertskommune og meirforbruk blir teke av fond – tilhøyrande alle Hallingdalskommunane. Melding er sendt til eit Fagråd for Hallingdal Etablerersenter, jfr. eigarsskapsmeldinga punkt 4.6.2. Det har vore ein kommunikasjonsfeil mellom Fagrådet og Gol kommune

Rådmannen sin konklusjon:

Omsorgsavdelinga følgjast særskilt månad for månad og må ytterlegare følgjast i 2014. Kravet om bruk av ressursstyring er absolutt. Særleg gjeld nemleg avviket institusjon, som verker utan kontroll når det gjeld overtid og ekstrahjelp. Delvis heng dette saman med fråværet, men utan eit fullgodt verktøy til å takle slike situasjonar vil ein ikkje kunne ha kontroll.

Rådmannen sette i vår i gong straks-tiltak og jobbar med å få oversikt over kor langt ein er komne i prosessen og sette milepælar for avdelinga.

Helsehjelp i heimen har fått nye tiltak som dreg på seg betydeleg auka bruk av personell. Dette skal vere teke høgde for i budsjettjustering for 2013, men avdelinga lever farleg når det gjelder belastning og omfang av arbeidsoppgåver.

b) Andre kostnader

- Under kontroll
- Under kontroll, men med tiltak
- Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnamn	Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	
28	Herad skule	- Budsjettet vart saldert med negativ budsjettering på 125.000 kroner for 2013. Dette er ikkje dekkja inn ved budsjett-endring.
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	- Kostnadene er høgare enn periodisert budsjett, men er under kontroll
32	Helseavdelinga	- Ein del kostnader er utanfor Gol kommune sin kontroll - Krisesenteret sine kostnader aukar utover budsjett
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma	
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
ØVRIGE:		
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal	
8330	NAV Gol/Hemsedal (Gol)	- Økonomisk sosialhjelp - meirforbruk i hovudsak på tilskot til bu-utgifter
8311	Miljøretta helsevern	
8420	Hallingdal Etablerersenter	
2410	IKT Hallingdal	
3350	Barnevernet	

Generelt:

Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon vil normalt ha variasjonar gjennom året.

Ettersom Gol kommune praktiserer netto-budsjettering, så må ein ta med heile bilete, både inntekter og utgifter. Det følgjer med eit vedlegg som gir eit oversyn på grovt nivå. Ut frå desse er alle postar under kontroll. (Det gjeld også løn inkl. fast-løn – som er den aller største posten).

Sjå elles vedlegg A

Kommentar – andre kostnader

- Avd. 32 – Helse. Gol har pr. september ei gjennomsnittleg medfinansiering med 3,2 % under landsgjennomsnittet

Avvik – andre kostnader

- Avd. 28 – Herad skule – Hausten 2012 vart budsjettet for Herad skule saldert med eit negativt budsjett ettersom avdelinga ikkje hadde greidd å halde ramma gjeve av formannskapet. Dette er ikkje følgt opp korkje av administrasjonen eller UKL. Elles stort forbruk for tilrettelegging arbeidstakar, innkjøp av utstyr til funksjonshemma (rampe for rullestol) Det er ikkje søkt om støtte til slikt utstyr
- Avd. 32 – Helse – Ein del kostnader er utanfor Gol kommune sin kontroll (innbyggjarane sin bruk av helsetenester i inn- og utland blir kravd refusjon for av HELFO).
- Avd. 36 B – Omsorg – Helsehjelp i heimen. Kjøp av varar og tenester har eit stort meirforbruk som følgje av samansette årsaker (UKL er fortløpande orientert):
 - Krevjande utskriving frå sjukehus – kjøp av sjukeheimplassar i andre kommunar
 - Ekstra ressursar til yngre, pleietrengande kreftpasientar – i stutte periode
 - Underbudsjettering av medisinsk forbruksmateriell
 - Feilinnkjøp av arbeidstøyRådmannen reknar med at avdelinga sjølv sett inn naudsynlege tiltak for å avgrense skadane.
- Avd. 43 – Kommunalteknisk – VAR/sjølvkost – vil få ein sprekk som følgje av høgare rekningar frå Hallingdal Renovasjon IKS. 2013 vil bli dekkja ved bruk av sjølvkostfond på området, medan seinare år vil føre meg seg auka pris på renovasjon.
- Ansvar 8330 – NAV Gol/Hemsedal (Gol) ser ut til å få eit meirforbruk. Meirforbruket må kommenterast ettersom dette henger saman med Fylkesmannen sitt fokus som avvikar frå det som NAV Gol/Hemsedal har forsøkt å praktisere, sjå nærare under rådmannen sin konklusjon.

Rådmannen sin konklusjon

Herad skule – rådmannen har etterlyst i kva for grad ekstern finansiering til spesielle tiltak er søkt

Det er også einskilde postar på omsorg som krev tiltak. Rådmannen ser det slik at avdelingane må spare der dei kan og at det ikkje utan vidare er slik at ei overskriding på ein post (art) vil føre til at budsjettet på denne posten blir auka. Gol kommune nyttar stor grad av rammebudsjettering og då er det i seg sjølv slik at overskriding på ein post må føre til mindre forbruk på ein annan post.

NAV Gol har er kommentert til å få ei overskriding i høve til budsjett. NAV Gol forsøkte å spare inn på ein del hjelp og la dette inn i budsjettet for 2014, men Fylkesmannen har overprøvd fleire av desse og gjeve søkjar medhald. Det fører til at planlagt innsparing til sosialhjelp og støtte elles ikkje let seg realisere.

c) Investeringar

Investeringsrekneskapen syner at kommunen har nytta kr. 4,9 mill. kr. av eit revidert budsjett på 13,15 mill. kr. Det vart gjort ei periodeavslutning for finansiering pr. juni 2013.

Det er utarbeidd eigne oversyn som vert sendt til avdelingane. Dei største avvika (mindre investering enn budsjettet) kjem frå VAR-investeringar.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. tredje kvartal anna enn at det kan sjå ut som om VAR-avdelinga er for optimistiske i høve til framdrift på prosjekt.

d) Finansiering – bruk og avsetning til fond

Rådmannen har administrativt nullstilt dei aller fleste driftsfonda som var utan endring dei siste 5 – 10 åra. Dei bundne driftsfonda vart behandla av kommunestyret i haust og krev stor disiplin blant avdelingsleiarane og sterk oppfølging av økonomiavdelinga for å få rette tal å halde seg til for framtida.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. tredje kvartal

e) Balanse – vurdering av uteståande fordringar, fondsmidlar m.v.

Økonomisjefen har sett i gang arbeid med å analysere balansen for uteståande fordringar. Dette arbeidet vil fortsette utover hausten og målet er å få redusert uteståande beløp og i verste fall få avskrive som uerhaldeleg det som blir vanskeleg å få kravd inn.

Arbeidet bør også føre til at avdelingane blir følgd opp betre og at dei blir meir klare på kva dei skal gjere når ein kunde begynner å misleghalde sine fakturaer.

4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avdelinga har ingen kommentarar
- Avdelinga har avvik, inga behov for tiltak, men må kommenterast
- Avdelinga har avvik, behov for tiltak, må kommenterast

Avdeling	Avdelingsnamn	Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann + politisk	- Sjå eige punkt om organisering – kommentar utan avvik
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol (ingen tilsette)	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	- Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	- Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	- Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
32	Helseavdelinga	- Jordmorteneste – problemer med dataprogrammet HsPro og avdelinga ser etter andre løysingar - Fysioterapi – svært lang ventetid
35	Kulturavdelinga	- Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
36A	Omsorg – institusjon	- Sjå eige punkt
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Sjå eige punkt
36C	Omsorg – funksjonshemma	- Sjå eige punkt
41	Utbyggingsavdelinga	- Sjå eige punkt
42	Næringsavdelinga	- 2 kontrollar frå Fylkesmannen – 4 avvik til saman, 2 er motteke rapport og lukka, 2 avvik er ikkje motteke rapport på
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	- Sjå eige punkt
43B	Kommunalteknisk – VAR	
ØVRIGE:		
8330	Nav Hallingdal (Gol)	

Kommentar utan avvik – tenesteyting

- Avd. 20 – Sekretariat og tenestetorg (namneendring frå 1.12). Avdelinga har totalt sett mista ressursar. Det er sett i gong arbeid med å sjå på oppgåver og organisering av sekretariatet. Målsetting om at omorganisering ikkje skal verke inn på tenestenivået i til den nye avdelinga.
- Avd. 27 – Gol skule. Stort sett ein roleg start på skuleåret. Administrasjonen brukar mykje tid på arbeid ved ny skule samt tverrfagleg samarbeid med helsestasjon, PPT, barnevern og BUP
- Avd. 29 – Gol ungdomsskule. Motteke om lag 126.000 i prosjektmidlar til kursing og frikjøp «Vurdering for læring». Midlane blir nytta for å heve kunnskapsnivået til lærarane – vurdering – bevisstgjerung på kva som fører til læring.
- Avd. 31 – Gol barnehage. Nokre barnegrupper blei ikkje fulle ved hovudopptak eller fram til nå. Nokre avdelingar har noko prosent tilsette for mykje som blir brukt i andre barnehagar i staden for å ta inn vikar. Har ført til mykje ekstra arbeid for dagleg leiar, samtidig som det skapar stor uro i barnegruppene nå i oppstarten med nye små barn. Leiargruppa i Gol barnehage har evaluert at det til ville vert betre og fylle opp avdelingar heilt, og ha meir stillingsprosent vakant viss det same skjer igjen. Konsekvens blir at færre får oppfylt 1. eller 2. prioritet
- Avd. 41 – Utbyggingsavdelinga. Høg produksjon med god kvalitet og kort saksbehandlingstid på byggsak. 2 større plansaker er levert, ein med høg kompleksitet. Varsel om ytterlegare 2 planer som skal leverast i oktober/november (Skagahøgdi og Golsfjell hotell)

Avvik – Tenesteyting

- Avd. 32 – Helse
 - Fysioterapi: Minst 50% av pasientane har venta 5 veker eller meir på behandling, målet er behandling innan 3 veker.
Føreslege tiltak: Styrke fysioterapitenesta, delvis tilskot frå staten – nettokostnad for Gol kommune 350.000 / året
- Avd. 36A – Omsorg institusjon – gjennomgåande gode tenester – brukarundersøking skal gjennomførast november/desember 2013
 - Rekruttering av kompetent personell
 - Tiltaksplanar for pasientar har eit vesentleg forbettringspotensial
- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen
 - Fyrste halvår vart det kjøpt plass i andre kommunar – om lag 100 døgn. Dette er vesentleg høgare enn forventa og budsjettet. Helsehjelp i heimen bør ha ein «buffer» til bruk ved arbeids-toppene.
- Avd. 36C – Omsorg funksjonshemma
 - Etterspørselen etter avlastning i høve barn og unge med spesielle behov aukar
Føreslege tiltak: Viktig å gi tenester i form av avlastning og/eller omsorgsløn med tanke på lågast mogeleg omsorgsnivå
 - Avvik frå Fylkesmannen er fortsatt ikkje lukka, men avdelinga er i ein dialog med Fylkesmannen om desse og reknar med å få lukke avviket før 31.12.2013 (frist)
- Avd. 42 – Kommunalteknisk – eks. VAR/sjølvkost – dvs. veg.
 - Ny anbudsrunde på brøyting vil føre til at rekneskapet blir høgare enn budsjett. Avdelinga forsøker å spare på andre poster.
 - Drift av kommunale vegar når ikkje opp til standarden som er sett i Kommuneplanen
 - Asfaltering vonaleg før snøen kjem, men avhengig av entreprenør

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen registrerar at avdelingane har fokus på oppgåver. Avvik frå omsorg – institusjon må få ytterlegare fokus.

5. Personalforhold og HMS

- Ingen rapporterte forhold
- Rapporterte forhold – ingen eksterne tiltak – kommentar naudsynleg
- Rapporterte forhold – eksterne tiltak – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnamn		Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann + politisk		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skulefagleg rådgjevar		
27	Gol skule		
28	Herad skule		
29	Gol ungdomsskule		- Sjå eige kommentar utan avvik
30	Læringscenteret Gol VU		
31	Gol barnehage		- Avvik vedr. Breidokk, der eit lite barn krabba under porten. Dette og tidlegare avvik lukka
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- God rekruttering av fast tilsette og fagpersonell - Vanskar med å ha nok tilkallingsvikarar med naudsynt kompetanse
36C	Omsorg – funksjonshemma		- Sjå eige kommentar
41	Utbyggingsavdelinga		- Sjå eige kommentar utan avvik
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		- Avdelingsingeniør fortsatt ubesatt - Skade på driftsavdeling – rutinemessig rapportert til NAV
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
8330	Nav Hallingdal (Gol)		- Sjå eige kommentar utan avvik

Kommentar – HMS – ikkje rekna som avvik

- Avd. 29 – Gol US – treng ein alternativ opplæringsarena i deler av skuleveka. Det blir jobba med eksterne samarbeidspartar
- Avd. 41 – Utbyggingsavdelinga. Mykje overtid for nokon, men ikkje kritisk.
- Avd. 8330 – NAV Gol/Hemsedal – auka fokus på førebygging av vald og truslar – kontakt med politi

Avvik – Personalforhold og HMS

- Avd. 36A – Omsorg institusjon. Opplæring i ressursstyring – plan utarbeidd, gjennomfører opplæring i WEB-systemet «ledige vakter» - i gong.
- HMS – tiltak gjennomført i samsvar med internkontrollføresegnene
- Avd. 42 – Næringsavdelinga – har meldt inn temperatur på kontorert vinterstid.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen registrerar at avdelingane har godt oversyn og kan løyse avvik

6. Spesielle hendingar og informasjonar

Avdeling	Avdelingsnamn	Spesiell informasjon
20	Sekretariat, politisk	- Tenestetorget vedteke plassert under sekretariatet – K.sak 41/2013. - Nytt namn for avdelinga «Sekretariat og tenestetorg» - Organisering av oppgåver i gong
21	Løns- og personalavd.	- Avdelinga nyttar 10 % stilling utover heimel til oppfølging av sjukmeldte og for å svare på spørsmål om pensjon
22	Økonomiavdelinga	-
23	IKT Gol (ingen tilsette)	-
24	Kommuneplanleggar	- Midlar vert nytta til innleige av konsulent
25	Skulefagleg rådgjevar	-
27	Gol skule	- Innkjøp ny kopieringsmaskin – 85.000 - utover budsjett – nøye vurdert. Dekning andre postar
28	Herad skule	-
29	Gol ungdomsskule	-
30	Læringscenteret Gol VU	- Nye oppgåver for nye personer vil truleg skape behov for nye stillingar etter vurdering våren 2014 – førebels løyst med midlertidige tilsetingar
31	Gol barnehage	-
32	Helseavdelinga	- Finn-Terje Mansard Bøe tilsett som frisklivsordinator - Kristin Bernhardsen tilsett som fastlege i 50 % frå 21.10.2013 - Fredrik Ørlyng tilsett som kommuneoverlege 100 % frå 21.10.2013 - Jordmorteneste/helsestasjon – frå august 2013 open time på vidaregåande skule - Undervisning i Læringscenteret for framandspråklege, tema: kjønnslemlestelse, tvangsgifte, foreldrerolle, prevensjon og kvinnehelse - Prosjekt FriskUngAktiv – tilskot 40.000 frå fylkeskommunen – start september 2013 – fokus fysisk aktivitet for inaktive og overvektige barn og unge. - Samarbeidsavtale med NAV 10.10 – tidlegare tilbod om frisklivresept
35	Kulturavdelinga	-
36A	Omsorg – institusjon	- Målet om 6 korttids plassar er nådd - Ingen brukarar av leigd plass i annan kommune pr. oktober 2013 - Legemodulen i Gerica innført og blir nytta – betre informasjonsflyt - Brukarundersøking november/desember 2013

Spesielle hendingar og informasjonar

Avdeling	Avdelingsnamn	Spesiell informasjon
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Avdelinga har ikkje tilstrekkeleg alternativ når personar blir skrive ut frå sjukehusopphald og der det ikkje er forsvarleg å sende heim
36C	Omsorg – funksjonshemma	- Avdelinga er i ferd med å sjå effekten av nye årsverk og har også nådd målet i høve til talet på personar med høgskule. - Noko lengre saksbehandlingstid som følgje av sjukdom hjå konsulent for funksjonshemma - Tenesteområdet er på veg med små skritt. Struktur og leiing er på plass, jobbing med rutinar og prosedyrar rundt den einskilde brukar
41	Utbyggingsavdelinga	- Adresseprosjekt – innan 2015 skal alle kommunar ha 100 % vegadresser (Kartverk og Posten Norge), men lite realistisk å makte denne fristen
42	Næringsavdelinga	-
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	- Stilling som avdelingsingeniør fortsatt ubesatt.
43B	Kommunalteknisk – VAR	- Ei rekke prosjekt vil bli avslutta tidleg i 2014. Ein del prosjekt er utsett til 2014, noko som følgje av mannskapssituasjonen og noko som følgje av avklaringar med grunneigar
8330	Nav Hallingdal (Gol)	-
2410	IKT Hallingdal	-

Spesielle hendingar og informasjonar

VEDLEGG A

DRIFT:

Hoved- art:	Hovedart-tekst	R 2013	B 2013	Forbruk i %	R 2012	B 2012	Forbruk i %
10	Lønn	179 957 872	246 702 000	72,9	166 412 050	224 075 000	74,3
12	Kjøp av varer og tenester	33 953 716	54 925 000	61,8	39 512 108	53 809 900	73,4
13	Kjøp av tenester	44 799 737	70 900 000	63,2	44 125 680	54 055 000	81,6
14	Tilskot og tilleggsøyvinger	15 945 105	20 792 000	76,7	13 881 096	25 111 000	55,3
	TOTALT - driftskostnader	274 656 430	393 319 000	69,8	263 930 934	357 050 900	73,9
16	Sals- og leigeinntekter	-49 613 690	-63 867 000	77,7	-52 784 206	-64 741 000	81,5
17	Refusjonar og tilskot	-33 230 238	-66 139 000	50,2	-27 279 425	-47 036 000	58,0
18	Overføringer	-193 438 371	-264 386 000	73,2	-186 639 701	-251 188 000	74,3
	TOTALT - driftsinntekter	-276 282 299	-394 392 000	70,1	-266 703 332	-362 965 000	73,5
Netto driftsutgifter		-1 625 869			-2 772 398		

FINANSIERING:

Hoved- art:	Hovedart-tekst	R 2013	B 2013	Forbruk i %	R 2012	B 2012	Forbruk i %
15	Finansieringsutgifter	21 485 176	43 106 980	49,8	14 035 530	29 576 277	47,5
19	Finansieringsinntekter	-17 258 230	-42 033 980	41,1	-6 837 709	-23 545 177	29,0
Netto - finansieringsutgifter		4 226 946			7 197 821		

Kommentarar

Data er henta frå heile rekneskapen, dvs. alle avdelingar, alle ansvar og tenester, alle prosjekt og artar. Økonomisjefen er ikkje i mål med å få plassert alt logisk og difor blir det førebels presentert tilnærma likt rekneskapen med netto driftsutgifter – som er det same som brutto driftsresultat i rekneskapen. Dette gjeld heile kommunen.

Seinare vil det bli ei meir tydeleg oppdeling av det som er kommunen sine utgifter og inntekter til eigne avdelingar, kva som vi berre delvis styrar sjølv som vertskommune i samarbeid, kva som vi ikkje heilt styrar sjølv som kunde i interkommunale organiseringar.

Rådmannen sin konklusjon

Oversynet og avvika som er nemnd er ikkje kritiske – totalt sett. Risikomomentet blir korleis premieavviket vil komme i 2013.

Den fyrste kvartalsrapporten har fleire kommentarar og forklaringar enn det ein vil få i framtida, men pr. i dag er ikkje ordlista laga ferdig. Med noko meir dokumentasjon på plass skal lesar ved eit tastetrykk kunne få presisering og informasjon om kva som meinast med dei ymse begrepa.



Hege Mørk
rådmann

Gol, 3. desember 2013